



**DET KONGELIGE
LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENT**

Statsråden

Stortinget
Ekspedisjonskontoret
Karl Johans gate 22
0026 OSLO

Deres ref
200600726

Vår ref
200600964/KVO - 1
849

Dato
15.3.06

**Svar på skriftleg spørsmål nr. 576 fra representanten May-Helen Molvær
Grimstad**

To store fjellparti, Åknest i Stranda kommune og Hegguraksla i Norddal kommune, er ustabile og det er risiko for fjellskred med påfølgjande flodbølge. Staten har engasjert seg i arbeidet med etablering av overvakings- og beredskapstiltak i samband med desse fjellpartia.

Styret for Statens naturskadefond som administrerer statens naturskadeordning vedtok å gi 3 mill. kr i tilskott til undersøkingar og installering av overvakingsutstyr i 2004.

I 2005 søkte kommunane gjennom Åknes-/Tafjordprosjektet om 21,85 mill. kr i tilskott. For å gjøre det mogleg å prioritere dette arbeidet blei løyvinga til sikringstiltak mot naturskadar auka med 21,5 mill. kr frå 8,089 mill. kr til 29,589 mill. kr i samband med Stortinget si behandling av Revidert nasjonalbudsjett våren 2005.

I budsjettproposisjonen for 2006 blei det gjort framlegg om ei løyving til sikringstiltak mot naturskadar på totalt 23,348 mill. kr. Av dette var 15 mill. kr i si heilheit øyremerka til vidareføring av Åknes-/Tafjordprosjektet. Stortinget gjorde vedtak i tråd med dette.

Staten har altså så langt løyvd til sammen 39,5 mill. kr til prosjektet. Det er no ein vesentleg del av den årlege løyvinga til sikringstiltak mot naturskadar som går til dette sikringsprosjektet. Dette viser at staten tar ansvar, og at prosjektet har høg prioritet frå staten si side, i konkurranse med mange andre viktige sikringsprosjekt i fleire andre kommunar rundt om i landet.

Departementet legg til grunn at dei undersøkingane og overvakningstiltaka som til no er gjennomførte allereie gir befolkinga ein betre tryggleik som grunnlag for evakuering ved eit eventuelt fjellskred enn det som var situasjonen før prosjektet blei satt i gang. Eg er klar over at utfordringane som kommunane her står overfor er krevjande både med omsyn til kompetanse og økonomi og at arbeidet er avhengig av statleg medverknad i investerings-perioda. Når det gjeld staten sitt engasjement i dette arbeidet, vil vidare løyingar bli avgjort gjennom dei ordinære budsjettprosessane.

Med helsing

Terje Riis-Johansen
Terje Riis-Johansen